

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 09.11.2015

### Handsaming i møte

#### Ad. punkt 1:

Det er ønskjeleg at det vert gjeve opplæring i bruk av iPad med tilhøyrande verktøy i møtet i desember. Det er vidare ønskjeleg at større rapportar ol. også vert send ut på papir.

#### Ad. punkt 2:

Desse medlemmene i kontrollutvalet vil ha abonnement på Kommunal rapport slik:

Papirutgåve:

- Kristian Helland

Elektronisk utgåve.

- Terje Kollbotn
- Åse Gunn Husebø
- Inge Reidar Kallevåg

Spørsmål om kva abonnement siste medlem i utvalet skal ha vert å komme tilbake til etter at vedkommande er vald i fylkestinget i desember.

#### Ad. punkt 3:

Alle i kontrollutvalet vil ha abonnement på Kommunerevisoren.

#### Ad. punkt 5:

Det vart semje om at Inge Reidar Kallevåg, Åse Gunn Husebø, Terje Kollbotn og den som vert vald inn som ny i utvalet i desember kan få lov å delta på NKRF-konferanse på Gardermoen 3. – 4.2.15.

Det er ønskjeleg at dei som er utsendingar til slike konferansar informerar resten av utvalet i første møte etter at konferansen er halden.

#### Ad. punkt 6:

Det vart også semje om at det er leiar i kontrollutvalet som kan uttale seg til media på vegne av utvalet.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Kristian Helland får abonnement på Kommunal rapport i papirutgåve. Inge Reidar Kallevåg, Åse Gunn Husebø og Terje Kollbotn får abonnement på Kommunal rapport i elektronisk utgåve.
2. Alle i kontrollutvalet får abonnement på Kommunerevisoren
3. Leiar Inge Reidar Kallevåg, Åse Gunn Husebø, Terje Kollbotn og den nye som vert vald i desembertinget kan få lov å delta på NKRF-konferanse på Gardermoen 3. – 4.2.15. Det er ønskjeleg at dei som er utsendingar til slike konferansar informerar resten av utvalet i første møte etter at konferansen er halden.
4. Kontrollutvalet ber om at det vert gjeve opplæring i bruk av iPad med tilhøyrande verktøy i møtet i desember
5. Kontrollutvalet er samde i at det er leiar i utvalet som kan uttale seg til media på vegne av utvalet.
6. Kontrollutvalet tar elles informasjonen til orientering.